

Korleis ta opp ei sak/kven kan kontaktast?

Teamet har faste møter ein gong pr. månad. Møtetider vert kunngjort på nettsidene til Fjell kommune.

Ved behov kan teamet kallast inn, på kort varsel, for akutt møte.



Kontaktinformasjon:

Kommune tlf.: 55096000
www.fjell.kommune.no

 FØLG FJELL KOMMUNE PÅ FACEBOOK



Fjell kommune
Postboks 184, 5342 Straume



FJELL KOMMUNE

Lurer du på
om eit barn
blir utsatt for
vald eller
overgrep?

Konsultasjonsteamet for vald
og overgrepssaker



Saker som handlar om overgrep mot barn er kompliserte og fagleg krevjande. Desse sakene blir ekstra utfordrande fordi dei ofte rører ved tabu og vanskelege kjensler hos folk. Derfor kan det vera nyttig å søkja råd og rettleiing så tidleg som råd, for å sikra at barnet får rett hjelp til rett tid.

Kva er eit konsultasjonsteam?

Teamet er meint som eit forum der ein kan drøfta saker som handlar om vald og overgrep. Det er eit tverretatleg team som skal gi råd og rettleiing i saker der det er mistanke om at eit barn kan vera utsett for:

- Vald
- Å vera vitne til vald
- Seksuelle overgrep
- Kjønnsmlemlesting
- Tvangsgifte

Sakene kan drøftast anonymt

Kven er representert i teamet?

I teamet er det faste representantar frå:

- Barneverntenesta
- Barne- og Ungdomspsykiatrien (BUP)
- Familievernkontoret
- Helsestasjon
- Kommunepsykolog
- Rettleiarteamet for barnehagar
- Politiet

Kven kan kontakta konsultasjonsteamet?

Alle som er bekymra for at barn eller unge kan vera utsette for overgrep:

- Personar som gjennom si yrkesutøving eller frivillig arbeid får ei bekymring
- Privatpersonar som foreldre, naboar eller andre, kan og kontakta teamet for å få hjelp.

Kva kan teamet hjelpe med?

- Konkretisera og setta ord på bekymringa.
- Gi rettleiing i saker der det er mistanke om at barn kan vera utsett for skadelege forhold, slik som vald eller seksuelle overgrep.
- Faglege refleksjonar rundt konsekvensar for barn som blir utsett for vald eller overgrep.
- Halda fast på barnets behov.
- Gi råd for det vidare arbeidet for å sikra at barnet får rett hjelp til rett tid.

